



NYTT FRÅ NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Februar 2019

28.02.2019

Høyringsdokument for administrativ organisering

Den 27. februar presenterte prosjektrådmann Rune Lid høyringsdokumentet om administrativ organisering nivå to. Høyringsdokumentet baserer seg på eit omfattande arbeid med brei involvering i fem hovudprosjekt og 35 delprosjekt. Overordna styringsgruppe har i februar behandla, vurdert og drøfta rapportane frå hovudprosjekt og delprosjekt i ein heilskapleg samanheng opp mot føringane i intensjonsavtalen og tidlegare vedtak om overordna administrativ organisering på nivå 1. Dokumentet ligg no til høyring til alle arbeidstakarorganisasjonane v/ hovudtillitsvalde. Høyringsinnspel må sendast inn innan måndag 4. mars kl. 12.00. [Her kan du lesa høyringsdokumentet.](#)



Marianne Sandahl Bjørøy har teke over som leiar av fellesnemnda



Den 1. februar overtok Fjell-ordførar, Marianne Sandahl Bjørøy, vervet som leiar av fellesnemnda. Dermed kunne ordførar i Øygarden, Børge Haugetun levera stafettspinnen til den nye leiaren. Denne gongen var det den raude nynorskstafettspinnen som vart brukt. Marianne Sandahl Bjørøy skal leia fellesnemnda fram til kommunevalet i september.

- No går vi inn den siste fasen av arbeidet med å byggja ein ny kommune. Oppgåvene er mange og krevjande, og

no er det viktig at alle står saman og arbeider mot det same målet, nemleg Nye Øygarden kommune, seier Sandahl Bjørøy.

Fellesnemnda

På møtet i fellesnemnda den 11. februar vart det vedteke uttale om budsjetta for Sund, Fjell og Øygarden. I uttalen heiter det at samla driftsbudsjett for dei tre kommunane Sund, Fjell og Øygarden for 2019 er svekka samanlikna med tidlegare år som følgje av eingongstiltak og store investeringar. I uttalen går det fram at samla driftsbudsjett er stramt og krevjande og noko unna målsetjinga om økonomiske balanse. Samla investeringar i 2019 utgjer om lag 525 millionar kroner, noko som legg press på drifta. Det vert vist til at intensjonsavtalen har klare mål om å få økonomien i balanse, og for å realisera dette vil det krevjast stram prioritering både i drift og investering dei neste åra.

Fellesnemnda vedtok at det skal gjennomførast avklaringsrundar med BIR AS (renovasjonsselskap i bergensområdet) før det vert gjort endeleg vedtak om renovasjonsleverandør. Avklaringsrundane vil synleggjera nødvendige føresetnader, premisar og konsekvensar. Det vart også vedteke å gå nærare gjennom kontraktane til FjellVAR AS så raskt som mogleg. Dette er nødvendig for å førebu eventuell konkurranseutsetjing dersom FjellVAR (ØYVAR i 2020) vert vald som renovasjonsleverandør.



NYTT FRÅ NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Endring av adressenamn

I samband med endring av adressenamn i «Nye Øygarden kommune» vert dei nye aktuelle adressenamna, som Stadnamn tenesta på Vestlandet har tilrådd, lagt ut på høyring. Oversikt over kva namn som må endrast og elektronisk høyringssvar finn du på heimesidene til kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Frist for å senda inn merknad er sett til 08.04.2019.



Stor interesse for å strikka Øygardsgenseren i alle kommunane



Det var godt oppmøte på strikkekaféane i biblioteka både Sund, Fjell og Øygarden 19. - 21. februar. Det var Sotra Husflidslag som inviterte til kaffi, prat og stricking av Øygardsgenseren.

Det er laga til mønster for både liten, medium og stor, med både dame- og herremodell. Mønster for barnegenseren er under arbeid og klar om kort tid. På strikkekaféane var det høve til å kjøpa mønster og garnpakkar. Sotra Husflidslag har også med hespetre og garnvinde du kan nytta. Det er Mary-Ann Foldnes Fiske som har utforma Øygardsgenseren. Biletet er frå strikkekaféen i Øygarden der leiar i Sotra Husflidslag viser ordførar Børge Haugetun korleis også han kan strikka genseren, (foto: Ingunn Teigen).

Kommunalsjefar på Skjenet

Fleire av dei tilsette kommunalsjefane er på plass på Skjenet. Kommunalsjef for Oppvekst Anne-Merete Vabø Haugane tok til i jobben sin på Skjenet den 1. februar. Kommunalsjef for Helse og velferd, Line Barmen, og kommunalsjef for Kultur og samfunn, Råmund Skjold, jobbar delvis på Skjenet og delvis i stillingane sine i Fjell og Øygarden kommunar. Kommunalsjef for Organisasjon og digitalisering, Sissel Iren Nesse, tek til på Skjenet den 11. mars. Det er førebels ikkje gjort tilsetjing i stillinga som kommunalsjef for Økonomi.